



Tysseland Arkitektur AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1157 - 19/26395

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

20.12.2019

Godkjenning - GBNR 23/1 - Igangsettingsløyve for deler av tiltaket; grunnarbeid og utvendig VA-anleggsarbeid - Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 315/2019

Tiltakshavar: Egill Danielsen Stiftelse

Ansvarleg søkjar: Tysseland Arkitektur AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Tysseland Arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar, Egill Danielsen Stiftelse, søkt om igangsettingsløyve for grunnarbeid og utvendig VA-anleggsarbeid for Danielsen ungdomsskule, gbnr. 23/1. Det vart samstundes søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Rammeløyve vart gitt administrativt i vedtak 30.08.2019, saksnr. 194/2019, gitt rammeløyve til oppføring av skule på gbnr. 23/1. Det er gitt endringsløyve i vedtak 18.11.2019, saksnr. 275/2019, gitt dispensasjon til plassering på kote +21 moh. I tillegg ble det gitt løyve den 25.11.2019, saksnr. 280/2019, til endra plassering av skule med tilhøyrande anlegg på tidlegare gbnr. 23/1, no gbnr. 23/617, frå kote +20 moh til kote +21 moh.

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Danielsen skule, planid: 125620110005, er definert som byggeområde for undervisning.

Det vert elles vist til søknad om igangsetting journalført motteken 21.11.2019 og supplert 16.12.2019 og 18.12.2019, samt søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg, motteke 16.12.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 11.12.2019. Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 16.12.2019 og 18.12.2019.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.12.2019 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING:

Nabovarsling

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve og omsøkte endringar, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsetting inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov – og plangrunnlag

I rammeløvet vart det godkjent oppføring av skule med tilhøyrande infrastruktur og uteareal på gbnr. 23/1. Løvet vart gjeve med følgjande vilkår:

- *Før det blir gitt igangsettingsløyve må det liggje føre godkjend søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*
- *Før det kan gis løyve til igangsetting må detaljert VA-plan leggast fram og godkjennast av kommunen.*
- *Plan for handtering av overskotsmassar skal leggast fram for Meland kommune seinast samstundes med søknad om løyve til igangsetting.*
- *Før det kan gis løyve til igangsetting må tekniske planar for opparbeiding av offentleg vegareal godkjennast av offentleg vegmynde.*
- *Før det kan gis løyve til igangsetting må det inngås avtale med kommunen om utbygging av tekniske anlegg.*
- *Før det kan gis løyve til igangsetting må plan for handtering av overskotsmassar leggast fram.*

- *Før det kan gis løyve til igangsetting må det leggast fram vedtak med samtykke frå Arbeidstilsynet.*
- *Før det kan gis bruksløyve til skulen må rekkefølgjekrav i planføresegn pkt. 2.4 vere oppfylt.*
- *Før det kan gis bruksløyve for VA-anlegg skal det liggje føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, godkjent av kommunen.*
- *Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Dokumentasjonen skal leggast fram seinast saman med førespurnad om bruksløyve/ferdigattest for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Meland kommune krev at innmålingsdata blir sendt i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4/siste versjon).*

Vatn- og avlaup

Det er søkt om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget i søknad journalført 16.12.2019. Eksisterande vassleidning går over gbnr. 23/1 der skulen skal byggast. Mellombels omlegging og tilkopling skal gjennomførast som avtalt med kommunen si driftsavdeling v/ Egil Gripsgård.

Når det skal søkast om mellombels bruksløyve skal endeleg tilkopla løysing samsvare med endeleg VA løysing.

Tilkopling som om søkt er i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

Lagringsplan

I e-post datert 12.12.2019 opplyste Øystein Hope i Magne Hope AS, følgjande:

Plan for overskuddsmasser ved Danielsen skole, Frekhaug:

Overskuddsjord: Leverast til Magnar Askeland, evt Helge Henanger sine godkjente tipper i området.

Overskuddstein: Leverast til fylling for hus i felt B5, Mjåtveitmarka. Mulig noko vert levert Magnar Askeland for bruk til veger på jordtipper.

Kommunen har gitt tilbakemelding til vedkommande at Helge Henanger ikkje har godkjente tippar, og at overskuddsmassar ikkje kan leverast til han. Dersom det skal leverast massar der, må dette avklarast med avdeling for landbruk v/Laila Bjørge.

Meland kommune legg dette til grunn, og føreset at det blir fylgt opp.

Øvrige vilkår i rammeløyve

Søknaden omfattar ikkje opparbeiding av areal satt av til offentlig formål. Administrasjonen føreset at alle avtalar ifht opparbeiding av areal satt av til offentlig formål er inngått før det vert søkt om løyve til igangsetting av slikt arbeid.

Ansvarsrettar

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 28.11.2019. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for grunnarbeid og utvendig VA-anleggsarbeid på gbnr. 23/1, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 28.11.2019.

Vidare gir kommunen løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg som omsøkt i søknad journalført 16.12.2019 på følgjande vilkår:

- *Tilknyting skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*
- *Tilknytinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknytinga er utført.*
- *Det må monterast vassmålar.*
- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret i 2019 for vatn er kr 20 000,- og for kloakk kr 20 000,- + mva.*

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1157

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om igangsettingstillatelse GBNR 23/1 - grunnarbeid og utvendig VA -anleggsarbeid
2__valideringsrapportFraFellestjenesterBygg.xml

Vedlegg:

3_KART_Situasjonsplan_a21-003-va-situasjonsplan-pdf.pdf

Plan overskuddsmasser ved Danielsen Ungdomsskule Frekhaug

sanitærabonnement søknad

H1-RevB- Oversikt MINDLERTIDIG VA

H1-RevB- Oversikt VA

H1-RevC- Oversikt VA

H9-Nedslagsfelter

H10-midl-VA

H11-Flomveg-etter

SV sak 191157 manglar i søknad om igangsettingstillatelse GBNR 231 - grunnarbeid og utvendig VA - anleggsarbeid

VS sak 191157 manglar i søknad om igangsettingstillatelse GBNR 231 - grunnarbeid og utvendig VA - anleggsarbeid

Mottakarar:

Tysseland Arkitektur AS

Strandgaten 19

5013

BERGEN